



Morten Rasch
Fensfjordvegen 1221
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/488 - 23/4884

Sakshandsamar:
Svein Helge Hofslundsengen
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:
30.05.2023

Vedk. søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad motteke den 15.5.2023
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Sofie B. Helland og Morten Rasch *får tildelt etableringstilskot med kr. 60.000 til kjøp av hus på G.nr. 3 og B.nr. 27 i Masfjorden.*

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot i tråd med nye retningsliner av hausten 2021

2. Uttale

Dokumentasjon på kjøp føreligg ikkje – treng det før utbetaling av etableringstilskot kan skje.

3. Fakta

Etableringstilskot

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,-

for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden

2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
6. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

4. Vurdering

Søknaden støttar grunnlaget for tilskot jf. Pkt. 1 & 2 i vedtektene. Søkjarane fødd i 1997 og 1999, og dermed innfor kravet for å få kr. 60.000 i etableringstilskot

5. Konklusjon

Sofie B. Helland og Morten Rasch *får tildelt etableringstilskot med kr. 60.000 til kjøp av hus på G.nr. 3 og B.nr. 27 i Masfjorden.*

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Morten Rasch	Fensfjordvegen 1221	5986	Hosteland
Sofie Berntine Halland	Fensfjordvegen 1221	5986	Hosteland